

---

**Fra:** Odd Tøsdal <Odd.Tosdal@mattilsynet.no>  
**Sendt:** onsdag 21. juni 2017 13.47  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Uttale frå Mattilsynet til Plansak 12602017000600 - Planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - Kunngjering oppstart

**Sakstittel: Radøy kommune - Mangersvåg kloakkanlegg - Detaljreguleringsplan**  
**Saksnr: 2017/129384**

**Uttale frå Mattilsynet til Plansak 12602017000600 - Planendring - Mangersvåg kloakkanlegg - Kunngjering oppstart**

Radøy kommune sende 19.06.2017 brev til Mattilsynet med kunngjering om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Mangersvåg kloakkreinseanlegg.

Området på 1,3 dekar som er planlagt regulert for utbygging og drift av offentleg kloakkreisanlegg ligg ved innkjøringa til Mangervåg industriområde, ref plankart datert 11.08.95. I dette industriområdet vert det i dag drive næringsmiddelverksemd.

Bergen Røkeri AS (Org nr 914 224 985), Mangersnesvegen 91, 5936 Manger driv i dag foredling av fiskerivarer med røyking av ulike produkter av både oppdrettsfisk og av kvitfisk. Dei held til i bygget som ligg på tvers lengst vest på kaiområdet.

Det er derfor naturleg at Bergen Røkeri AS også får skriftleg varsel om oppstart av planarbeidet og dermed høve til å uttale seg som nabo til det planlagte tiltaket.

Tidlegare var det også næringsmiddelverksemd i det andre (det store) industribygget. Delar av dette bygget er teke inn i reguleringsområdet for kloakkanlegget. Det er for tida ikkje aktivitet knytta til næringsmidler i det store industribygget.

Mattilsynet meiner det er viktig at Radøy kommune i det vidare planarbeidet tek alle naudsynte omsyn, slik at det planlagte tiltaket med offentleg kloakkreisanlegg ikkje vert til ulempe for vidare næringsmiddelverksemd på Mangervåg industriområde.

Med venleg helsing

Odd Tøsdal  
Mattilsynet, Seksjon mat Bergen og Omland

Telefon: 22 40 00 00

Felles postadresse: Mattilsynet, felles postmottak, postboks 383, 2381 Brumunddal  
[postmottak@mattilsynet.no](mailto:postmottak@mattilsynet.no)

[www.mattilsynet.no](http://www.mattilsynet.no) [www.matportalen.no](http://www.matportalen.no)